

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Teams, Digitalt møte  
**Dato:** 21.02.2022  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:00

---

Møtet vert gjennomført digitalt på Teams. Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753, eller e-post til [fmsfano@statsforvalterne.no](mailto:fmsfano@statsforvalterne.no). Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/22	Orienteringar og referatsaker <ul style="list-style-type: none"><li>- Møtedatoar 2022</li><li>- Årshjul</li></ul>		
RS 1/22	Bruk av tiltaksmidlar - restaurering - stølsbygningar - Stølsheimen landskapsvernområde		2020/17622
RS 2/22	Uttale - Kulturmiljøplan Voss herad - Nærøyfjorden verneområdestyre		2022/575
RS 3/22	Stølsheimen landskapsvernområde - rapport evaluering av skjøtselsarbeid 2011 - 2021		2020/17622
ST 4/22	Delegerte saker		
DS 1/22	Delegert sak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - motorferdsel - revurdering vassveg - Eviny AS		2020/3571
ST 5/22	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Grøndalen - Gullbråholmen - snøskutertransport		2022/374
ST 6/22	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus		2022/1531
ST 7/22	Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2022		2021/16497

**ST 1/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 2/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 3/22 Orienteringar og referatsaker**

Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Trondheim, 21.12.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2020/15599

Sakshandsamar :  
Ingrid Moe Dahl

## Bruk av tiltaksmidler til restaurering av stølsbygningar i Stølsheimen landskapsvernområde

Vi syner til brev av 11.10.2021 om bruk av tiltaksmidler til restaurering av stølsbygningar i landskapsvernområdet.

Verneområdestyret skriv i sitt brev til direktoratet at stølsvollar og stølshus, som ein del av kulturlandskapet i verneområdet, er ein viktig del av verneverdiane i landskapsvernområdet. Styret oppmodar Miljødirektoratet om at tiltaksmidler bør kunne nyttast til å delfinansiere restaureringsarbeid på stølshus som vert ivarettatt som autentiske bygningar.

Tiltaksmidler frå Miljødirektoratet kan brukast til kulturminneformål, sjølv om det ikkje er prioritert bruk av midlane.

I strategien for bruk av tiltaksmidler som er sendt styra frå Miljødirektoratet heiter det at:

*"Kulturminner er en del av verneformålet i de aller fleste nasjonalparker og i enkelte andre verneområder. Ansvar for oppfølging og ivaretagelse av kulturminner ligger hos kulturminnemyndighetene. Det er egne poster på statsbudsjettet for forvaltning av kulturminner, og tiltaksmidler prioriteres vanligvis ikke til dette formålet. Skjøtsel av enkelte kulturminner, slik som steingjerder, gravrøyser og fangstsystemer, kan likevel vurderes prioritert for samfinansiering med kulturminnemyndigheten. Eksempler på tiltak som ikke finansieres av tiltaksmidler eller driftsmidler er vedlikehold av bygninger i verneområder. Ansvar for finansiering av vedlikehold og drift av bygninger ligger hos eier."*

Styret kan søkje midlar hos fylkeskommunen som er forvaltningsstyresmakt for kulturminne og det er viktig å involvera dei slik at restaureringa vert gjennomført på ei måte som tek vare på kulturminnet.

I strategien nemnd over vert det og peika på at eit av vilkåra for å få midlar til tiltak er at *"I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og*



*vedlikeholdsavtaler være avklart.*". I denne sammenhengen tyder det at fylkeskommunen må vera inkludert i planlegginga av tiltak som omfattar kulturminne og at dokumentasjon på dette følgjer ein eventuell søknad om tiltaksmidler.

Miljødirektoratet vil også informera om at tiltaksmidler frå oss ikkje kan inngå i kravet om 30% privat finansiering ved søknad om støtte til tiltaka frå Kulturminnefondet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Knut Fossum  
seksjonsleder

Ingrid Moe Dahl  
seniorrådgiver



**Nærøyfjorden  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Nærøyfjorden verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129

fmvlpst@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Voss herad  
Postboks 145  
5701 VOSS

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/17583-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 10.01.2022

## Uttale - Kulturmiljøplan Voss herad - Nærøyfjorden verneområdestyre

Viser til høyringsdokumentet Kulturmiljøplan – kommunedelplan for kulturminne, kulturmiljø og landskap i Voss herad. Kulturmiljøplanen er ein omfattande plan med god oversikt over kulturmiljø i Voss herad. Nærøyfjorden verneområdestyre har fått planen til uttale og vil koma med nokre kommentarar og tilføyningar til planen.

I innleiande kapittel bør det vera med at kommunen har areal og kulturmiljø i både Nærøyfjorden landskapsvernområde og Stølsheimen landskapsvernområde. I begge desse landskapsvernområda er kulturlandskap og kulturminne ein del av verneføremålet. Kulturmiljøa i desse områda har difor eit særskilt vern gjennom naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltningsplanane for Stølsheimen landskapsvernområde og forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden bør nemnast under oppstillinga av planverk i dokumentet.

I kapittelet om stølsområda vil vi støtte Voss herad sitt framlegg om eit generelt punkt om stølar der det vert gjort greie for verdien av dei. Det bør også vera med ei oppmoding om at kulturmiljøverdien må vurderast ved ein kvar byggje- og plansøknad som rører ved stølsområde. Det er stølsområde med høg kulturmiljøverdi både i Stølsheimen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde.

I dei områda der kulturmiljøet er i landskapsvernområdet, bør det nemnast under omtalen. Områda der dette manglar i planen er Nåli og stien frå Sivle til Nåli, kraftverket i Stalheimsfossen og kraftverket i Sivlesfossen. Grenda Stalheim er inngangsporten til verdsarvområdet Nærøyfjorden, men det er berre Stalheimsøy og Sivlesøy som ligg i verdsarvområdet.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



**Nærøyfjorden  
verneområdestyre**

---

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Stølsheimen verneområdestyre



Stølsheimen  
verneområde styre

Nærøyfjorden  
verneområdestyre

# STØLSHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

## Evaluering av skjøtselsarbeidet

2011 - 2021

## Framlegg til skjøtselstiltak

2022 - 2032

Rapporten skal evaluera skjøtselsarbeidet som er gjennomført sidan 2011 og på det grunnlaget gi rettleiing for dei komande 10 åra, 2022-32.



*Bruk av beitepussar under restaurering på Negardstølen 2014.*

## BEGREP I RAPPORTEN:

- *Støl* Namngjeven stad der ein framleis ser kulturmark og evt bygningar frå tida med stølsdrift.
- *Stølslokalitet* Som over, og i tillegg namngjeven stad *utan* spor etter kulturmark, men med spor etterbygning(ar). Her også omtalt som lokalitet.
- *Sel* Bygning på stølen, ofte todelt med *innsel* der budeiene budde, og *skot* der mjølka vart foredla.
- *Selbø* Nærområdet kring bygningane, vart intenst påverka av stølsdrifta i form av større mengder møk frå dyra, trakking og beiting. Beitemarka for dyra låg i all hovudsak utanfor selbøen. I våte somrar var selbøen alt anna enn grøn, og kunne vera ei utfordring for hygienen i foredlingsarbeidet!
- *Skjøtsel* Tiltak for å oppretthalda ein ynskjeleg tilstand i vegetasjonen. Der vegetasjonen har endra karakter gjennom til dømes attgroing må ein først gjennom ein restaureringsfase. Normal skjøtsel handlar om vedlikehald av ei vegetasjonsutforming som synleggjer bruken av området og tek vare på artane som er knytt til denne.

Våren 2021 føretok arbeidsgruppa ein grundig gjennomgang av utført skjøtselsarbeid i verneområdet dei siste 10 åra. Arbeidet har vore utført i tråd med tilrådingane i rapporten frå 2011 på utvalde stølar der ein har fått best effekt ut av tilgjengelege ressursar. Ein statusrapport for utført arbeid vart framlagt i mai.

Alle stølslokalitetar vart så vurdert på ny og samanstillt med førre vurdering frå 2011. Ut frå ei revidert prioriteringsliste med 30 stølar vart 12 av desse synfart sommaren 2021, med vekt på gjenfotografering av representative bilete frå 2009. Resultatet føreligg som oppsummering i august.

Status for alle dei 30 lokalitetane er no klar. Etter ei heilskapleg kost/nytte-vurdering av naudsynte tiltak i høve forvaltningsmåla for Stølsheimen landskapsvernområde, er lista med prioriterte stølar redusert til 26.

Arbeidsgruppa: *Anbjørg Nornes* (prosjektleder) og *Jorunn Vallestad* frå forvaltninga *Mons Kvamme*, fagleg rettleiar  
*Nils Kvamme*, skjøtselsarbeidar



*Smørklepp, etter mykje godt ryddearbeid. Her treng bygningane ei oppgradering.*

## UTVIKLINGA

Norsk landbruksdrift er på mange felt endra slik at den ikkje lenger ivaretek det kulturlandskapet som alle stølane i Stølsheimen ein gong var ein del av. I hovudsak var dette stølar med ein sentral selbø samt tilhøyrande beitemark i nærområdet og sambindingsveg(ar) heim til bruket. Dagens reduserte beitedrift med sau og storfè føregår like mykje i områda mellom dei enkelte stølane. Denne forma for beitedrift gir ikkje dei punktvis intenst forma kulturlandskapa som over lang tid har ført til eit mangfald av stølar. Mange stader fører det reduserte beitetrykket til attgroing eller andre endringar i vegetasjonen som gradvis visker ut spora etter stølsdrift. Det vert mindre mangfold og variasjon, og det kulturhistoriske særpreget i landskapet svekkast. Dette gjeld i like stor grad kulturlandskapet i Stølsheimen Ivo som ellers i landet.

## FORVALTNINGSMÅL

Iflg Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde (2017) er forvaltningsmålet mellom anna å ivareta mangfaldet av kulturlandskapstypar i verneområdet. Bortsett frå kulturmarka i Finnen og Finnabotn er det dei 56 registrerte stølslokalitetane med sine beitemarker og tilkomstvegar som utgjer det aktuelle kulturlandskapet.

Kulturlandskapet i Finnen blir godt ivareteke av 100 geiter. I Finnabotn blir det gjennomført tiltak for å halde deler av slåttemarka i hevd og skogen borte frå viktige kulturlandskaps-element.

For å nå forvaltningsmålet må skjøtselsarbeidet på stølane sjåast i perspektiv på min 10 år, med regelmessig evaluering. Ein slik tidsbolke har vi no gjennomført. Denne rapporten skal evaluera skjøtselsarbeidet som er gjennomført sidan 2011, altså etter kartlegginga av stølsomfanget i verneområdet, og på det grunnlaget gi råd for dei komande 10 åra, 2022-32. Vegetasjonen endrar seg langsamt på stølane, så 10 år er eit høveleg tidsaspekt for å halda kontroll med vegetasjonsutviklinga.

Då stølsdrifta, som over ein lengre periode utforma kulturlandskapet, no stort sett er historie, er det urealistisk å ta vare på den landskaps- og vegetasjonsforma stølane i si tid fekk gjennom tradisjonell beitedrift. Med rett bruk av tekniske hjelpemiddel som slåmaskin, beitepussar, ryddesag, motorsag og ljà/rive mm., kan ein langt på veg oppnå samme effekt på vegetasjonen.

## SKJØTSELSARBEIDET

Organisert beitedrift har etter berekningar synt seg arbeidskrevjande/kostbart og er difor ikkje direkte gjennomført, men nokre skjøtselstiltak har resultert i vesentleg auka beitetrykk på stølen. Dette aktiverer ein sjølvforsterkande effekt ved at beiting fremjar betre beitemark.

Bruk av tekniske reiskapar har vist seg å vera bra tenleg så lenge målet er å halda eit sentralt stølsområde fritt for skog, kratt og større tuer av sølvbunke (*Deschâmpsia caespitôsa*; det latinske artsnavnet "*caespitôsa*" betyr tua form, og nettopp dei store tuene gjer at ein knapt kan ta feil av sølvbunke og nokon annan grasart i vår flora).

Restaureringa er ofte fjerning av små og større tre (dei trea som var små og uskuldige på vernetidspunktet (1990) er no store og har ofte danna ein skog) og einerkratt. Deretter kan den lågare vegetasjonen ryddast.



*Skjøtselen* er vedlikeholdet av den ynskte vegetasjonen. Ideelt sett vil alle prioriterte lokaliteter etter ei tid koma inn under skjøtsel. I all hovudsak føregår den enklast med ryddesag som også held nede evt nyrenningar av lauv- og bartre i tillegg til bringebær og større sølvbuketuer. Skjøtselen må fremja god beitemark der det er husdyr i området.

## MÅLSETJING

I kva grad ein kan *ta vare på* ein støl kan diskuteras. Eit realistisk mål er at stølen er ivareteken når den held seg open og synleg med eit minimum av arbeidsinnsats. *Minimum* framgår av tabell 3 som *overfladisk slått med ryddesag* år om anna.

Bygningane er vesentlege element i stølshistoria og landskapsbiletet, som relativt enkelt kan ivaretakast for lang tid. Bygningar er likevel ikkje tema i denne planen.

Vegetasjonsmessig spenner no status for stølsvollane i verneområdet frå heilt attgrodd, eller ingen kulturmark til frodig beitemark. Denne variasjonen blir i verdivurderinga av stølane omtalt som grad av *hevd*.

For å ivareta mangfaldet av stølur kan ein dels attgrodd lokalitet vera like aktuell for tiltak som ein der beitedyra framleis samlar seg. Dette skuldast kriteria som t.d. historiske/ pedagogiske kvalitetar og plassering i landskapet mm. Sjå rettleiande verdivurderingsliste.

Og når er ein støl ivareteken? I det utførte arbeidet var målsetjinga at stølsvollen skal skilja seg ut frå vegetasjonen elles og vera mest mogleg attraktiv for beiting. Her set som regel ressurstilgangen taket for kor mykje arbeid som blir lagt i den enkelte lokalitet.



*Ryddesag er effektiv for å halda vegetasjonen under kontroll. Her frå Botnadalen.*

## DEI ULIKE LOKALITETANE

Det blir her synt til rapporten *Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (2011)*.

Forvaltningsmålet er å ivareta mangfaldet, altså representative stølar. Det er urealistisk å halde alle lokalitetar synlege for framtida, ut frå ressurstilgang.

Som utgangspunkt for ei prioritering vart alle registrerte (2009) lokalitetar (56) rangert ut frå 8 kriteria. Nr 2 – 8 er vanleg å bruke ved verdiberekning på ikkje-freda kulturminne. Kriteriet **hevd** seier i tillegg det meste om vegetasjonsmessig tilstand på lokaliteten, og vil med det bli mest påverka av ytre faktorar som attgroing, beite og/eller skjøtsel.

1. **Hevd.** Korleis selbøen er påverka av beite, slått, rydding mm. 1-10
2. **Autensitet.** I kva grad avspeglar dagens tilhøve den opphavlege utforminga. 1-5
3. **Kontinuitet og alder.** Er selbøen utforma over lengre tid, samanhengande. 1-3
4. **Pedagogisk verdi/historieforteljande kvalitetar.** Kva fortel landskapsbiletet om tradisjonell støling. Her kan evt bygningar takast med. 1-7
5. **Landskapsoppleving.** Dette er ofte resultat av kriteria over, og kan gi eksra verdi om stølen t.d. er godt synleg på avstand. 1-3
6. **Heilskapleg landskapskvalitet.** Samspelet mellom selbøen og omgjevande vegetasjon og/eller andre stølar i området. 1-3
7. **Ikkje synleg (immateriell) kunnskapsverdi.** Lokalhistorisk verdi og/eller kvalitetar ein treng særskild forkunnskap for å oppleve. 1-3
8. **Særkild utforming.** Uvanlege tilhøve på einskilde stølar kan gi spesiell verdi. 1-3



*Hest. Spraken har etablert seg, sjølv om selbøen stadig blir beita av sau.*

*Tabell 1: Alle registrerte lokalitetar i Stølsheimen landskapsvernområde, verdikorrigert i 2021 for eventuell endring etter skjøtsel, beite eller naturleg utvikling.*

*Tabellen er rettleiande og baserer seg på skjønnsmessig vurdering.*

lokalitet	kriteria 1 - 8								sum
	1	2	3	4	5	6	7	8	
Rosete	9	4	7	3	3	3	3	2	34
Hestfjellet	9	4	7	3	3	3	3	1	33
Sylvarnesdalen	9	4	7	3	3	3	3	1	33
Negardstølen	9	4	6	4	3	3	2	2	33
Rappen	8	4	7	3	3	3	3	1	32
Raudbergdalen	8	4	7	3	3	3	3	1	32
Smørklepp	8	4	7	3	3	3	2	2	32
Hallsetstølen	8	4	7	3	3	3	2	1	31
Åsedalen	8	4	7	3	3	3	2	1	31
Dunevollen	8	4	6	3	3	3	3	1	31
Finnbuene	9	5	4	3	3	3	3	1	31
Vatnane	8	4	7	3	3	3	2	1	31
Åsehidleren	7	3	7	2	3	3	2	3	30
Solrenningane	7	4	7	2	3	3	2	1	29
Hanekamdalen	7	3	7	2	3	3	3	1	29
Yttestølen	8	3	5	2	3	3	2	3	29
Vøvringen (Alrekstølen)	6	4	7	2	3	3	2	1	28
Hest	6	4	7	2	3	3	2	1	28
Fodnestølen	8	3	6	2	3	3	2	1	28
Fossesete	9	3	6	2	3	3	2	1	28
Rotteskaret	8	4	5	2	3	3	2	2	28
Fagerdalen	7	3	6	2	3	3	2	1	27
Botnadalen	7	3	6	2	3	3	2	1	27
Bjørkestølen	7	3	6	3	2	2	2	1	26
Skjervheims-Grøndalen	7	4	4	2	3	3	2	1	26
Asbjørgdalen	7	4	4	2	2	2	3	1	25
Fidnaselbøen	7	3	4	2	2	3	2	2	25
Nedste Torvedalen	4	4	5	2	3	3	3	1	25
Brydalen	5	3	5	2	3	3	2	1	24
Mørkves-Grøndalen	7	4	4	2	2	2	2	1	24
Skjemmedalen	6	4	3	2	2	2	2	2	23
Vindhalsen	5	3	4	2	3	3	1	2	23
Fitjebotn	4	3	5	2	2	2	3	1	22
Hustavenesstølen	7	3	3	2	2	2	2	1	22
Vindheim	5	4	5	2	2	2	1	1	22
Torvedalen	4	3	3	2	2	2	2	1	19
Tuftene	5	3	3	2	1	1	1	1	17
Johalsen	4	2	3	1	1	2	2	1	16
Beitelen	1	1	3	2	1	1	3	2	14
Hedlestølen	2	2	2	1	2	2	1	1	13
Vårstølen (Geithus)	3	2	1	1	1	1	2	1	12
Furedalen	1	1	2	1	1	1	2	1	10
Kyreskora	1	1	1	1	1	1	1	3	10
Øvstestølen	1	1	3	1	1	1	1	1	10
Åkreviktuftene	1	1	1	1	1	1	3	1	10
Attaste Fjærestadhola	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Frikstølen	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Heimestølen Stavedal	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Haldortuften (NB! Nytt namn)	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Nedste Raudbergdalen	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Regndalen	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Karituften (NB! Nytt namn)	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Tausavollen	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Torvaldsreset	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Øvste Sylvarnesdalen	1	1	1	1	1	1	1	1	8
Øvstestølen Indrefjord	1	1	1	1	1	1	1	1	8



## PRIORITERING

For å sikra at forvaltningsmålet kan nåast er det sett opp ei liste over dei stølane som er representative ut frå kriteria i verdisetjinga i 2011, og samstundes realistisk å skjøtta i tida framover. Dette blir den optimale løysinga. Ideelt sett burde alle stølslokalitetar haldast synlege og i høveleg hevd, om lag på 1990-nivå då verneområdet vart oppretta. Med bakgrunn i utført skjøtselsarbeid er dette vurdert som urealistisk, både med omsyn til ressursbruk og kva som er mogleg å gjenskape utan den relativt intense beitinga. Likevel vil desse 26 stølane vera gode representantar for mangfaldet i verneområdet, og dei vil vera svært viktige for området sin identitet.

20 av stølane treng ei eller anna form for tiltak for å eksistera, medan 6 ligg høgt og har framleis bra beitepress, så endringar i vegetasjonen vil truleg gå seinare enn den tenkte 10års-bolken. Dei resterande 30 lokalitetane må få utvikla seg i takt med tid, kultur og klima. Sjølv om ein ikkje set inn tiltak på desse 30 går det an å sjekke status for vegetasjonsutviklinga. Det vil også ha ein verdi. Dessutan kan grunneigarane på eige initiativ setja i verk tiltak for å halda stølen i hevd.

Mellom dei 30 som no ikkje er prioritert er det fleire med historisk høg verdi, til dømes: **Skjemmedalen** i Finnafjorden. Den er med sin «hengjebatte» plassering eit godt døme på korleis bøndene måtte finne løysingar. Den er også av visuell verdi når ein ferdast på fjorden. **Nedste Torvedalen** mellom Eksingedalen og Myrkdalen er eit grøderikt dalføre tydeleg prega av stølsdrift. Her er minimalt med beitedyr og restane av kulturlandskapet er no er i ferd med å gro att. Her går ein T-merka sti gjennom selbøen. Begge stølane har ruinar etter stølsbus. Det vil vera ekstra ressurskrevjande å skjøtta vegetasjonen på desse to. **Åsehidleren** er ein av dei mest særmerkte stølane mtp plassering. Utfordringa her er meir bygningsmessig og den er difor teken ut av prioriteringslista. **Åkreviktuftene** er ei samling tufter som truleg er forhistoriske, altså eldre enn 1500 år.



*Frikstølen 2009. Ragnar Alrek syner spor etter ei bygning. Elles er det ingenting som vitnar om stølsdrift.*

## ARBEIDET FRAMOVER

Dette er den endelege prioriteringslista for komande 10-årsbolck; 20 stølar der restaurering og/eller skjøtsel i varierende grad vil vera naudsynt, og 6 stølar som berre treng tilsyn for statusoppdatering.

Tabell 2: Endeleg prioritering, med status for skjøtselstiltak

lokalitet	utført skjøtsel
Rosete	2011-12
Sylvarnesdalen	2017-21
Hallsetstølen	-
Smørklepp	2017-21
Åsedalen	-
Dunevollen	-
Vatnane	-
Solrenningane	2011/12
Vøvringen (Alrekstølen)	-
Hanekamdalen	-
Hest	-
Negarstølen	2014-21
Ytstestølen	2011-15
Fossesete	1993-21
Rotteskaret	2016-21
Bjørkestølen	-
Botnadalen	2020-21
Brydalen	-
Vindhalsen	-
Fidnaselbøen	2020

Tabell 3: Høgtliggjande stølar med godt beitetrykk, ikkje aktuelle for skjøtselstiltak no

lokalitet	utført skjøtsel
Finnbuene	-
Rappen	-
Hestfjellet	-
Mørkves-Grøndalen	-
Skjervheims-Grøndalen	-
Raudbergdalen	-

Sjølv utan vesentleg beiting let det seg gjera å halda kratt og skog vekk frå eit avgrensa areal på kvar av dei prioriterte stølane, med overkommeleg arbeidsinnsats. I tabell 4 er det vist skjematisk korleis arbeidsmengda avtek ettersom stølane blir restaurert og går over i skjøtselfasen. For dei fleste vil eit til to dagsverk med ryddesag eller beitepussar, kvart 2-3. år eller skjeldnare, vera nok til å halda stølen open og godt synleg.

Tabell 4: Framlegg til teoretisk plan for skjøtselsarbeidet 2022 – 2032

S = overfladisk slått med ryddesag

M = fjerna tre/kratt med motorsag

Tu = fjerna store sølvbuketuer, ryddesag og/eller beitepussar

Ti = tistelfjerning (to-årig)

x = ettersyn

xx = andre prosjekt

	-22	-23	-24	-25	-26	-27	-28	-29	-30	-31
Rosete	Ti	Ti		Tu			x		x	
Sylvarnesdalen	S		S		S		S		S	
Hallsetstølen		x								
Smørklepp	S	S			S			S		
Åsedalen	xx	x	x	x	x		x		x	
Dunevollen			M				x			
Vatnane		M			x					
Solrenningane		Tu	x						Tu	
Vøvringen (Alrekstølen)			M							M
Hanekamdalen					x					
Hest	M			S				x		
Negardstølen	Ti		S	Ti	Ti					
Ytstestølen		S	M					S		
Fossesete		S		S						
Rotteskaret	Tu		Tu							
Bjørkestølen	M		S	S						
Botnadalen	S			S				S		
Brydalen		M		M					S	
Vindhalsen					M					
Fidnasebøen	S	S			S			S		
Finnbuene			x							x
Rappen			x							x
Hestfjellet			x							x
Mørkves-Grøndalen			x							x
Skjervheims-Grøndalen			x							x
Raudbergdalen			x							x

xx Åsedalen: 2019 var siste sommar med organisert beite av storfe på stølen, etter lange tider utan opphald. For best mogleg å fylgje med i vegetasjons-utviklinga på selbøen og med det dra ut lærdom er dette eit godt høve der ein med relativt enkle midlar kan overvake situasjonen. Her bør det frå sommaren 2022 søkjast samarbeid med t.d. høgskulemiljøet i Sogndal og utarbeidast eit opplegg for god vegetasjonsovervaking.

**ST 4/22 Delegerte saker**



Utval	Delegeringssak (DS)
Stølsheimen verneområdestyre	

## Delegert sak - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - motorferdsel - revurdering vassveg - Eviny AS

### Delegert vedtak

***I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:***

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eviny Fornybar AS løyve til å nytta snøskuter og helikopter til Vassøyane for revurdering av vassvegen og tappeluker mellom Vassøyane, Holskardvatnet og Askjelldalsvatnet i Stølsheimen landskapsvernområde. Løyvet gjeld for køyring med snøskuter i inntil 8 samanhengane dagar og 4 turar med helikopter i perioden frå 1. mars til 10. april 2022. Dersom det på grunn av vêr- og føreforhold ikkje er mogleg å gjennomføra tiltaket innan 10. april, kan perioden forlengast til 30. april 2022.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transport med snøskuter og helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar.
- Så langt det er mogleg, skal transporten gjennomførast i ein samla periode.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, spesielt då med tanke på villrein. Det kan verta aktuelt å legge om transportruta av omsyn til villrein. Snøskuterkøyring i kalvingsområde for villrein må så langt som mogleg unngåast i april.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transport. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.06.22.





## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om eingongsløyve til motorisert ferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane, datert 19.01.2022


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

BKK Produksjon har fått fleirårig løyve frå Stølsheimen verneområdestyre til motorisert ferdsel for å koma til installasjonar i Stølsheimen landskapsvernområde. Løyvet gjeld inntil 10 turar kvart år i 5 år. Eviny Fornybar AS (tidlegare BKK Produksjon AS) søker om eit utvida løyve på ettervinteren 2022. Dei skal gjennomføra revurdering av mekaniske komponentar i vassvegen mellom Vassøyane – Holskardvatnet – tappeluker mot Askjelldalsvatnet. For å gjennomføra arbeidet treng dei ca. ei veke med bra vær. Dei skal transportera personell og utstyr til Vassøyane. Deler av inspeksjonen skal gjerast med miniubåt frå hol i isen, slik at nedtapping av Vassøyane ikkje er naudsynt. BKK fekk løyve til denne transporten i 2020 (sak 2020/3571, datert 28.02.2020), men tiltaket vart ikkje gjennomført på grunn Covid19-situasjonen.

Vassvegane skal ha revurdering kvart 15. år jf. Damsikkerheitsforskrifta. Eviny AS opplyser at tiltaket kjem inn under vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg.

Snøskutertraseane på kartet under er teikna inn av BKK.





## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld motorferdsle i samband med naudsynt revurdering av vassveggar og tappeluker mellom Vassøyane, Holskardsvatnet og Askjelldalsvatnet. Arbeidet som skal gjennomførast er krav jf. Damsikkerheitsforskrifta. Tiltaka er vedlikehaldsarbeid som ikkje vil føra til vesentlege endringar på landskapet, og er difor ikkje søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta.

Transporten vert vurdert til å koma inn under særlege grunnar som det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6. Transportføremålet er nemnt i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde. Saka er difor vurdert til å kunne behandlast som delegert vedtak. Verneområdestyret har gode erfaringar med Eviny sine rutinar for bruk av motorisert ferdsle, og det har vore gode rutinar på rapportering.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og tidlegare erfaringar med snøskutertransport i verneområdet. Området er del av Fjellheimen villreinområde, og villreinen er observert i deler av områda der det er teikna inn snøskutertrase, og det må påreknast å kunne møta rein i desse områda. Det er difor viktig å vera særleg oppmerksom dersom villrein vert observert, og om mogleg legge om ruta for å unngå å uroa dyra. I Kvanndalen og fjellsidene rundt har det vore kalvingar i nyare tid. Køyring på ruta i dette området bør unngåast så langt som mogleg i april og mai for ikkje å uroe kalvtunge simler.

I fylgje Naturbase (24.01.2022) er det i tillegg til villrein registrert fleire sårbare artar på planlagde køyreruter. Fjellrype, lirype og jerv er registrert på fleire av rutene, og ved Selhamar er det registrert fiskemåke og blåstrupe i tillegg. Av desse artane er det fjellrype og lirype som kan verta påverka av snøskuterkøyringa, og som det bør tas omsyn til under køyring. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka. Føre var prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt vekt ved å tilrå omlegging av køyreruta av omsyn til villrein.

Stølsheimen vert nytta som friluftsområde både sommar og vinteren. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk blir minst mogleg. Statnett og Røde Kors Hjelpekorps har løyve til å bruka snøskuter i deler av same område som BKK har snøskutertrase til installasjonar i Vassøyane. Andre løyve som er gjevne er til



Bergen og Hordaland Turlag til bruk av snøskuter til kvisting av skiløypa inn Sendedalen, til Kvanndalen og vidare til Selhamar, Åsedalen og Solrenningane. I tillegg er det transport av materiale til stølshus og hytter. Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa ferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet i område. Dersom det er mogleg og samordna køyringa med anna planlagt tilsyn, bør dette gjerast.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing. Snøskuter er ved mange høve eit praktisk framkomstmiddel for å kontrollera installasjonane. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føre går. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen.



Arkivsaksnr: 2022/374-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 12.01.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/22	21.02.2022

## Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Grøndalen - Gullbråholmen - snøskutertransport

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Terje Gullbrå løyve til å nytta snøskuter til Gullbråholmen via Skjervheims-Grøndalen i Stølsheimen landskapsvernområde for transport av materiale og utstyr til stølshuset i Gullbråholmen. Løyvet gjeld for inntil to turar årleg i perioden frå og med 2022 til og med 2026. I 2022 er køyreperioden 28. februar til 10. april, for dei andre åra er køyreperioden 1. februar til 10. april.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar.
- Det kan køyrast med inntil to snøskuterar pr. tur av tryggleiksomsyn. Hallvard Gullbrå køyrer den andre snøskuteren.
- Så langt det er mogleg, skal transporten gjennomførast samla på ein til to dagar.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, spesielt då med tanke på villrein. Køyringa kan verta pålagt utsett av omsyn til villrein.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transport. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.06 kvart år i løyveperioden.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om løyve til transporten frå aktuelle kommunar og grunneigarar i området.



## Saksopplysninger


Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde – Gullbrå – Grøndalen. Gullbråholmen, datert 07.01.2022

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Terje Gullbrå søker om løyve til å køyra snøskuter inn i Stølsheimen landskapsvernområde for transport til Gullbråholmen som ligg utanfor landskapsvernområdet. Einaste mogleg køyretrase med snøskuter til Gullbråholmen er via Grøndalen – Langavatnet – Blyfjell. Gullbrå har stølshus i Gullbråholmen, og treng årleg transport til stølshuset med materiale og utstyr. Det er søkt om 3 turar årleg i 5 år. Av tryggleikssyn under køyring, vert det søkt om køyring med to snøskutrar. Hallvard Gullbrå er førar av den andre snøskuteren.



Kart med køyretrase. Kopi frå søknad.





Kart med vernegrensa. Kopi frå Fylkesatlas

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld motorferdsle i samband med naudsynt transport til stølshuset som ligg utanfor landskapsvernområdet. Det er ikkje veg til denne stølen, og den einaste moglege traseen med snøskuter er via Skjervheims-Grøndalen i Stølsheimen landskapsvernområde. Denne transporten har føregått i mange år. Søkjar seier han ikkje har vore klar over at han må ha løyve frå verneområdestyret når han køyrer innan for landskapsvernområdet, men han har gitt melding til SNO før han har hatt transport til Gullbråholmen.

Vaksdal kommune har gitt fleirårig ervervslyve i dette området til Terje Gullbrå og Hallvard Gullbrå. I Stølsheimen landskapsvernområde vert det ikkje gitt ervervslyve, men



grunneigarar og hyttteeigarar har fått eit avgrensa tal turar for naudsynt transport av materiale og utstyr til stølshus og hytter i verneområdet. Dersom det er fleire som treng transport til same område, er det sett vilkår om fellestransport der det er praktisk mogleg å gjennomføra. Transporten Terje Gullbrå søkjer om er i tråd med transportføremålet som er nemnt i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde. Transporten vert difor vurdert til å koma inn under særlege grunnar som det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og tidlegare erfaringar med snøskutertransport i verneområdet. Området er del av Fjellheimen villreinområde, og villreinen er observert i deler av områda der det er teikna inn snøskutertrase, og det må påreknast å kunne møte rein i desse områda. Det er difor viktig å vera særleg oppmerksom dersom villrein vert observert, og om mogleg legge om ruta for å unngå å uroa dyra. I Kvanndalen og fjellssidene rundt har det vore kalvingar i nyare tid. For ikkje å uroa kalvingstunge simler, bør det helst ikkje køyrast i dette området i april. I *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde* er det gitt føringar om at det ikkje bør gjevast løyve til motorisert ferdsel i perioden 10.04 til 01.07 i eller nær kjende kalvingsområde og dersom det er kunnskap om at villreinen er i området. Siste køyredal for vinteren er difor sett til 10. april.

I fylgje Naturbase (12.01.2022) er det ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar på planlagde køyreruter. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka. Førre var prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt vekt i saka ved at det vert sett vilkår om å utsetja transporten dersom villreinen er i området når det er planlagt køyring.

Stølsheimen vert nytta som friluftsområde både sommar og vinteren. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk blir minst mogleg. Statnett, BKK og Røde Kors Hjelpekorps har løyve til å bruka snøskuter i deler av same område som Gullbrå skal køyra gjennom landskapsvernområdet. Andre løyve som er gjeve er til Bergen og Hordaland Turlag til bruk av snøskuter til kvisting av skiløypa i Sendedalen, Grøndalen til Kvanndalen og vidare inn i Stølsheimen. I tillegg er det transport av materiale til stølshus og hytter i Skjervheims-Grøndalen. Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa ferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet i område. Dersom det er mogleg og samordna køyringa med anna planlagt tilsyn, bør dette gjerast.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing. Traseen via landskapsvernområdet er einaste moglege køyretrase for å transport av materiale med snøskuter til Gullbråholmen. Det er ein kort etappe innom landskapsvernområdet. Transporten har vore gjennomført i mange år. Det er ikkje meldt om skade på verneverdiane av transport i dette området. Snøskutertransporten er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føre går.

## Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta, forvaltningsplan og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til transport gjennom landskapsvernområdet til Gullbråholmen.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	6/22	21.02.2022

## Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Evy Otterskred løyve til å setja i stand stølshuset på Hestfjellet tilhøyrande gnr. 65, bnr. 2. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 3.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Stølshuset skal setjast i stand utan at utvendig utsjånad på bygget vert endra vesentleg. Utvendige mål med breidde 3,5 meter og lengde 6,35 meter skal ikkje endrast som fylgje av istandsettinga. Bygget kan hevast med inntil 20 cm.
- Stølshuset kan takast ned for å reparera grunnmurane. Det skal berre murast med stein frå området. Det skal ikkje nyttast stein frå andre murar i området, som kan vera automatisk freda kulturminne. Bygget skal setjast opp att på dei restaurerte murane.
- Takvinkel og takutstikk (10 cm) skal ikkje endrast. Taktekkingsmateriale skal vera bylgjeblikk eller torv. Dersom gamle takplater må skiftast, skal nye bylgjeblikk-plater ha same profil som dei gamle.
- Vindauga kan skiftast ut med nye vindauga med same utforming og storleik som vindauga som er i bygget i dag, og med gjennomgåande sprosser.
- Det kan setjast inn eit ekstra vindauge i veggjen ved sida av døra i austveggen. Vindauga ved døra skal ha 3 ruter og same storleiken som på langveggen.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal fraktast ut av området.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.
- Løyve til tiltaket er gyldig til 31.12.2025. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta innan denne datoen.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta og naturmangfaldlova.





## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Evy og Inge Otterskred om istandsetting av stølshus på Hestfjellet, datert 24.01.2022, og justert plan for stølshuset, datert 13.02.2022

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde. Rapport nr. 4-2011, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

Evy Otterskred har kjøpt nabogarden, gnr. 65, bnr. 2, på Otterskreda. Til denne garden høyrer det stølsrett og stølshus på stølen Hestfjellet. Stølen ligg i Vik kommune i Stølsheimen landskapsvernområde. Evy Otterskred søkjer om å få sette i stand stølshuset på Hestfjellet.

I tilstandsrapporten vedlagt søknaden, står det at stølshuset er i så dårleg stand at det er naudsynt å demontera bygget for å reparera grunnmurane under stølshuset. Stølshuset skal setjast opp att på murane. Det vert lagt ei ramme på murane som stølshuset vert sett på. Alle brukande kledningsbord skal nyttast opp att på bygget. Yttermål som breidde og lengde vert ikkje endra, men dei søkjer om å få heva bygget med 20 cm. Slik bygget er i dag, er det berre eit lite areal med ståhøgde inne i stølshuset.

Det vert søkt om å sette inn eit ekstra vindauga ved sida av døra i austveggen. Vindauga skal vera ståande med 3 ruter. Dei 2 eksisterande vindauga som vert skifta ut skal ha same utforming og storleik som vindauga som er i bygget i dag.


Ny skisse av stølshus etter istandsetting:





Bileta under viser stølshusa på Hestfjellet slik dei ser ut i dag (alle foto Anbjørg Nornes).





Kart med stølen Hestfjellet. Kopi frå fylkesatlas

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materiale kan gjennomførast utan særskilt løyve. I følgje verneforskrifta punkt VI nr. 3 kan forvaltningsmynde gje løyve til «Restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsområda».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Stølen Hestfjellet ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Det er to stølshus på stølen. Begge stølshusa er bygd etter tradisjonell byggeskikk i området, og det er eit heilskapleg stølsmiljø på Hestfjellet. Stølane og stølshusa er ein del av verneføremålet i Stølsheimen landskapsvernområde, og det er av stor verdi at stølshusa vert sett i stand for at heilskapen i stølslandskapet vert tatt vare på. I verneplanprosessen var restaurering av bygningar og kulturminne vurdert og gitt eigne reglar i verneforskrifta. Restaurering og oppattbygging av stølshus kan gjevast løyve til i samråd med kulturminnemynde i fylkeskommunen. Søkjar hadde fyrst søkt om å få sette opp att eit nytt bygg på same stad, med auka breidde, lengde og høgde. Forvaltar vurderte dette ville vera eit nybygg, og hadde kontakt med søker for å justera prosjektet til eit istandsettingsprosjekt. Med endringane som er lagt fram i justert



søknaden, vurderer forvaltar prosjektet som istandsetting av stølshuset, og at tiltaket med det kan vurderast med heimel i verneforskrifta punkt VI nr. 3.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og rapporten om stølar i Stølsheimen. Området ligg innanfor Fjellheimen villreinområde, og området er kartlagt som vinterbeiteområde for villrein. Det er mange år sidan villrein vart registrert i dette området. Det er ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar i nærområdet til stølen Hestfjellet (naturbase 31.01.2022). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga tiltaket vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Istandsetting av stølshuset vil vera svært positivt for stølslandskapet. På denne stølen er kulturmiljøet ivareteke med stølshus som framleis viser den lokale byggeskikken i området. Det vil sei små bygningar med knappe detaljar. Stølshusa har ein innerdel med laftekasse og eit skot. Tømmerdeler er kledd med liggande skorne bord. Dette var ein vanleg byggemetode i desse områda. Det er av stor verdi at stølshuset til Otterskred vert sett i stand slik at proposisjonane på bygget ikkje vert endra. Med dei nye teikningane som er lagt fram, vil istandsettinga føra til små endringar av bygget, og kulturmiljøet vert tatt vare på. For å gjennomføra tiltaket vil det vera bruk for transport med helikopter. Den samla belastninga av tiltaket er likevel vurdert som liten, då det å ta vare på stølsmiljøet er eit viktig tiltak og i tråd med verneføremålet i Stølsheimen.

Stølshuset må demonterast for å restaurera grunnmurane under stølshuset. Det vert lagt ny ramme på murane, og sett opp reisverk-bygg oppå den nye ramma. Flatemåla på bygget vert ikkje endra. Byggemetoden er ny, men bygget vert kledd på same måte, med liggande kledning på innerdel av stølshuset, og ståande kledning på skotet. Kledningsmateriale som er i god stand vert brukt opp att. Tiltakshavar vil behandla ny utvending kledning med jernvitrol for å få gamal utsjånad. Forvaltar meiner det ikkje er naudsynt, då materialen raskt vil endra farge etter nokre få år i fjellet.

Bygget er planlagt heva med inntil 20 cm. Det er liten ståhøgde i stølshuset i dag, og det er vurdert at å heva bygget med 20 cm vil gje auka standard, utan å endra bygget vesentleg. Det vert opphavleg søkt om å få auka takutstikk med 10 eller 20 cm for å hindre fukt i kledningen. Auka takutstikk gjev stor endring på bygget sitt særpreg. I følgje kulturminnerådgevar hjå fylkeskommunen, er det ikkje naudsynt med store takutstikk på stølshusa. Store tak er meir utsett for vind, og ei stor takflate vil gje auka snøtyngde om vinteren. Forvaltar rår difor til at huset har same takutstikk som i dag, med 10 cm. Bylgjeblikk-platene som er på taket i dag bør brukast opp att, dersom mogleg. Dårlege plater kan bytast ut med nye plater med same profil som dei gamle. Dersom det vert valt torvtak, skal taket utformast slik at det berre er naudsynt med ei breidde med vindskier i gavlveggane.

I skisse i søknaden er det teikna inn større vindauga i langveggen enn det bildet viser. Søkjar opplyser at nye vindauga vil vera av same type som dei som er i bygget i dag. Det er ikkje vindauga i skotet, og dei søker om å få sette inn eit vindauga her. Forvaltar meiner eit lite vindauga med same storleik som vindauga i langveggen, vil gje liten endring på bygget. Vindauga skal vera ståande ved sida av døra.





Den beste løysinga for å setja i stand stølshuset, ville ha vore å restaurera den lafta tømrakassa i stølshuset og ta vare på den gamle byggeskikken. Det viser seg at det er store råteskadar på tømmeret. Tiltakshavar har fått råd av restaureringssnikkar om å demontera bygget, frakta tømrakassa ut av området for restaurering, og frakta den tilbake til stølen etter at den er sett i stand. Dette er eit omfattande prosjekt som vil krevje mange turar med helikoptertransport. Det vil også gjera prosjektet dyrare, noko tiltakshavar ikkje er interessert i. Mindre helikoptertransport, og ved å bruka mest mogleg av materialen opp att i bygget, vil det vera ein meir berekraftig metode for istandsetting. Etter ei totalvurdering av tiltaket, vurderer forvaltar difor at byggemetoden som er valt vil vera ein god miljømessig metode for dette tiltaket jf. nml. § 12. Stølshuset vert tatt vare på, og det ytre preget får små endringar. Tiltaket er med det i tråd med verneføremålet ved at kulturlandskapet med stølsbygningar i liten grad vert endra.

Fylkeskommunen påpeikar at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

## Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket med istandsetting av stølshuset på Hestfjellet ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og er i tråd med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingane rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til istandsetting av stølshuset med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.



Arkivsaksnr: 2021/16497-0  
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes  
Dato: 02.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	7/22	21.02.2022

## Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2022

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2022 etter fylgjande tiltaksplan:

Revidert budsjett 2022		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett
<b>Framande tresalg</b>		
Planlegging - skjøtselshogst gran Finnafjorden	10 000	0
Finnen - rydde hogstområde frå tidlegare granrydding, Tåene	20 000	0
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>		
Prosjektleiing	10 000	10 000
Sylvarnesdalen - rydde sprake, slått selbøen	10 000	10 000
Smørklepp og Fidnaselbøen - vedlikehaldsskjøtsel	5 000	5 000
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog, fjerna tilstel	10 000	10 000
Rotteskardet - rydde oppslag av krattskog og sølvbuketuer	5 000	5 000
Fossesete - slått bregner, rydde oppslag av lauv	5 000	5 000
Rosete - tilstel-hakking	5 000	5 000



Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtelsesplan, Botnastølen, Flåten, Granden, skog rundt tunet	30 000	25 000
Hest - rydde sprake	10 000	10 000
Ytstestølen	10 000	2 000
Solrenningane - tueslått	30 000	0
Fagerdalen - reparera tak	10 000	10 000
Finden, rydde beite ved Vetlestraumen	10 000	10 000
Bjørkestølen – rydde selbøen	10 000	10 000
Åsedalen – rydde selbøen	10 000	10 000
<b>Skjøtsel av stølsvegar og stiar</b>		
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000	20 000
Sti til Åsehidleren	5 000	5 000
Sti Finnabotnen - Fagerdalen	20 000	20 000
Sti Finnen - Finnabotnen	30 000	30 000
<b>Tilretteleggingstiltak</b>		
Bru til Granden	50 000	0
Kai i Finnabotnen	50 000	0
<b>Informasjonstiltak</b>		
Planlegging og infrastruktur innfallsport Modalen og Voss	100 000	66 000
Design temaskilt 2000 x 5 = 10 000 + kart 5000 x 4 = 20 000	30 000	30 000
Innkjøp skilt, (corten og tre)	42 000	42 000
Montering av skilt (Høyanger, Vik, Voss og Modalen)	160 000	160 000
SUM	717 000	500 000

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmildar mellom prioriterte tiltak innan for budsjettamma.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Mildar til forvaltning av verneområde 2022. Miljødirektoratet, Elektronisk søknadssenter
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Miljødirektoratet har tildelt midlar til drift av verneområdestyret og tiltaksmildar til planlagde tiltak i 2022. Miljødirektoratet har fylgjande tildeling til Stølsheimen verneområdestyre:



- Drift av styret: kr. 180 000
- Utgreiing – skjøtselsplan i Finnabotnen og Finden: kr. 30 000
- Tiltaksmidlar: kr. 500 000

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra, og ynskja folk velkomen inn for gode naturopplevingar. I den nye strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Døme på truslar på verneverdiane er attgroing, forstyrringar og ureining.

Stølsheimen verneområdestyre behandla tiltaksplan for 2022 for Stølsheimen landskapsvernområde i sak 23/21, 06.12.21. Det vart sendt søknad til Miljødirektoratet om kr. 717 000 i tiltaksmidlar i tråd med godkjent tiltaksplan.

## Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltaka i tråd med føringane frå Miljødirektoratet. I innstillinga er det sett framlegg om endring på fylgjande tiltak:

- Framande treslag – tiltaka vert dekkja av tiltaksmidlar som var planlagt brukt i Arnafjorden.
- Skjøtsel av kulturlandskap – små justeringa i tiltaksmidlar til stølsområde der det er sett i gang skjøtselsarbeid. Skjøtsel i Solrenningane vert utsett. Det vert ikkje sett i gang skjøtsel i nye område.
- Skjøtsel av stiar – Gjennomført som planlagt.
- Tilretteleggingstiltak – Det vert ikkje brukt tiltaksmidlar til tiltaka. Finansiering i samarbeid med kommunen og grunneigar.
- Informasjonstiltak – Det er viktig å halda fram med informasjonstiltaka som er sett i gang. Det er ikkje klarlagt infrastruktur på nye innfallsportar i år. Dette tiltaket er redusert.

Det er inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra frå og med 2020 til og med 2023. Avtalen er inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaka og organiserer skjøtselsarbeidet i tråd med prioriteringar i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Skjøtselsarbeidet startar opp etter det er skriva avtale med grunneigarar i dei aktuelle områda.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, kan det verta endringar på kva tiltak som vert gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjetttramma.